

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2015	Formannskapet i Radøy	PS	15.01.2015
002/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	29.01.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/1348	15/130

### Nordhordlandspakken - høyring etter fylkeskommunal handsaming

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Bompengesøknaden for Nordhordlandspakken var oppe til politisk handsaming i alle kommunar i Nordhordland hausten 2014. Saka kjem no til ny handsaming i kommunestyret etter fylkeskommunal handsaming.

Med etterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrådde fylkestinget i møte 10.12.2014 søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest (30.04.2014), og med merknader og endringar som går fram av fylkestingsvedtaket.

I saksutgreiinga frå fylkesrådmannen blir det presisert at det er nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til opplegget i Nordhordlandspakken. Fylkestinget sitt vedtak 10.12.14 er derfor sendt tilbake til kommunane i Nordhordland for høyring og tilslutnad.

#### Fylkeskommunal handsaming:

Fylkestinget handsama bompengesøknad for Nordhordlandspakken 10.12.14 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nybortunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.*

2. *Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nybortunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmas i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsretta løysing for Nybortunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.*

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;

- a. vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
- b. avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.

4. Med etterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinsansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyningsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:

- a. Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.
- b. Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
- c. Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.
- d. Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitta. Fylkestinget legg til grunn et takstnivå i området 12-14 kr.

5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.

6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

#### Vurdering:

Fylkestinget har tatt med mange av momenta som kom inn i den politiske handsaminga i kommunane. Endringane som fylkestinget har gjort, omhandlar ikkje prosjekt i Radøy kommune. Rådmannen meiner det er svært viktig at kommunane følgjer opp fylkestinget sitt vedtak 10.12.2014 for å kunne realisera mange viktige samferdselsprosjekt i regionen.

#### Formannskapet i Radøy - 007/2015

#### FS - handsaming:

Kenneth Murberg (H) meiner det er i strid med nytteprinsippet å plassera bomstasjon i Isdalstø frå dag 1, så lenge tunnelprosjektet mellom Isdal og Knarvik i første omgang ikkje er med i Nordhordlandspakken. Det er lagt opp til at dette prosjektet først kan koma med i samband med revisjon av pakken. Murberg meiner dette er ei endring av spelereglane som

heile tida har vore lagt til grunn.

*Murberg kom med følgjande protokolltilførsel:*

Høgre kjem tilbake med endeleg standpunkt i saka etter drøftingar i partigruppa.

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding med 6 mot 1 røyst (Roy Bø, FrP).

**FS - vedtak:**

Radøy kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

**Kommunestyret i Radøy - 002/2015**

**KS - handsaming:**

Styreleiar Pål Kårø og konsulent Helge Hopen i Nordhordlandspakken AS orienterte om status for Nordhordlandspakken og den politiske prosessen, og dei svara på spørsmål fra politikarane.

Kårø sa at arbeidet med å få kommunane til å gjera likelydane vedtak har vore krevande, sjølv om han opplevde stor grad av semje då Nordhordlandspakka vart handsama på Nordhordlandstinget for eit års tid sidan.

Kårø peika på at fylkestinget har tatt grep for å samordna og imøtekoma kommunane sine tilleggspunkt. I fylkestinget sitt vedtak vert mellom anna tovegs innkrevjing og takstnivå 12-14 kroner stadfesta. Dei respektive kommunestyra i regionen er invitert til å ta stilling til vedtaket som fylkestinget har sendt på høyring.

Pål Kårø orienterte også om fylkesutvalet sin uttale i etterkant av fylkestinget si handsaming av bompengesøknaden. Fylkesutvalet kom med sin uttale på bakgrunn av ei viss usikkerheit i Nordhordlands-regionen knytt til fylkestingsvedtaket 10.12.2014 – pkt 4c. - kring viljen og evna til å gjennomføra utbetingstiltak på fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø, der det vert vist til siste delen av vedtaket om buffer mot eventuell kostnadsauke. Fylkesutvalet presiserer i uttalen at med fylkestinget sitt vedtak inngår fv 564 Fløksand-Vikebø med ei investeringsramme opp mot 100 millionar kroner som eitt av dei 19 prosjekta i Nordhordlandspakken.

Fylkesutvalet stadfestar at alle prosjekta i pakken skal gjennomførast. Det vert peikt på at risikoen for at eitt eller fleire prosjekt i pakken eventuelt ikkje kan gjennomførast, vil vera knytt til om Nordhordlandspakken på sikt skulle få problem med finansieringsevne/nedbetalingsplan i forhold til føresetnadane i stortingsproposisjonen. Med ein avgrensa innkrevingsperiode på 12 år, føresett lånerente (6,5 prosent) og ekstra inntekter frå bomstasjon i Istdal (som til no ikkje er rekna inn finansieringsplanen), konstaterer fylkesutvalet at det er etablert eit godt utgangspunkt for berekraftig økonomi i Nordhordlandspakken. Fylkesutvalet legg til grunn - og vil arbeida for at prosjektet fv.564 Fløksand-Vikebø vert realisert som del av Nordhordlandspakken.

Styreleiaren i Nordhordlandspakken AS konstaterte at låg lånerente er med på å styrka finansieringa av Nordhordlandspakken ytterlegare.

Kenneth Murberg (H) meiner nyteprinsippet ikkje er følgd opp i Nordhordlandspakken, og peika på at bomstasjonen i Istdal er på plass frå dag ein – medan tunnelprosjektet Knarvik-Istdal først er planlagt tatt inn i pakken ved første revisjon. Helge Hopen viste til at planlagde vegprosjekt i Knarvik sentrum og gang- og sykkelveg frå Storheimstø til Sæbø skule tilfredsstiller nyteprinsippet for bomstasjon i Istdal.

Frode Hervik (V) meiner det no er på tide å setja punktum for handsaming av Nordhordlandspakken i fase 1, og starta arbeidet med sårt etterlengta vegprosjekt.

Roy Bø (Frp) viste til at Frp har programfesta nei til bompengar, og at partiet difor går i mot Nordhordlandspakken.

Etter framlegg frå ordføraren vart det gjennomført ei prøverøysting. Her vart formannskapet si tilråding vedteken mot 3 røyster (Frp).

Ved endeleg røysting vart formannskapet si tilråding vedteken mot 3 røyster (Frp).

**KS - vedtak:**

Radøy kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

**Vedlegg:**

Nordhordlandspakken (L)(23518)

Nordhordlandspakken - Saksprotokoll i fylkestinget

Nordhordlandspakken\_bompengesøknad\_saksutgreiing\_Hordaland\_fylkeskommune

Høyring Nordhordlandspakkene